



NYHETER VÅGÅ NÆRINGSLIV

## Torill og familien fann draumestaden på andre sida av fjellet: - Det starta med at vi kjente oss klare for eit lite miljøskifte



Torill Bye Wilhelmsen bak skrivstua i Skjolden. Foto: Privat

Av Ida Lindsæ Tho

Publisert: 31.05.22 19:44

Del

Torill Bye Wilhelmsen i Vågå er innehavar av verksemda Fjellflyt. Etter 15 år i Nord-Gudbrandsdalen flytter ho og familien nå til Vestlandet.

For abonnenter

- Det starta med at vi kjente oss klare for eit lite miljøskifte og ville bu ein vinter i eit litt anna miljø, seier Torill Bye Wilhelmsen.

Vestlandet var spennande, og i vinter har familien halde til på hytta, eller skrivstua som ho kaller det, i Skjolden i Luster.

- Det har vore eit lite eventyr på ein måte. Vi vaksne har pendla til Vågå, medan ungane har gått i barnehage og på skule her. Heile familien har eigentleg stortrivast.

Da våren kom og tida var inne for å flytte attende, ville familien i staden bli verande.

### - Veldig gøy at nokon kan ta vidare det vi starta

Firmaet Fjellflyt AS tek Bye Wilhelmsen med seg til Skjolden for å ta opp at tråden der. BETA gründerfellesskap, som Bye Wilhelmsen var med å starte opp, flytter frå Vågå i sommar.

- BETA er seld til ei som hadde mange gode idear til korleis ho kunne vidareutvikle prosjektet. Ho hadde tenkt å starte opp eit liknande prosjekt, men ville kjøpe heile BETA og vidareutvikle det i staden. Ho tek med seg konseptet til Heim på Møre. Det er veldig gøy at nokon kan ta vidare det vi starta, seier Bye Wilhelmsen.



### Gjør Mac-Utrulling enkelt

Med kontakters utrulling kommer ansette raskt og trygt i gang med Mac-bruk - hvor enn de er.

Lær mer om teknologien [her](#)

- Vi har hatt eit kjempegodt samarbeid med huseigar, som betydde mykje for at vi fekk starta opp den gongen.

I løpet av vinteren i Skjolden har Bye Wilhelmsen vore med å starte opp eit kontorfellesskap der. Ho har også mellom anna jobba med gründermobilisering for unge, der ho har arbeidd med å inspirere elevar og studentar til å bli gründare.

- Morten har fått jobb som gartnar ved Urnes stavkyrkje og skal jobbe med å ta vare på kulturlandskapet rundt kyrkja. Dette skal han kombinere med å drive grønnsakshagen på Stokstad i Vågå om sommaren og jobben som grafisk designar på vinteren, fortel ho.

### Prøvebo

Eit anna prosjekt Bye Wilhelmsen har jobba med i lengre tid er eit prosjekt som har fått namnet «Prøvebo bygda mix».

- Det er rett og slett eit forsøk på å løye problemet med bustadmangel på bygda og samtidig gjøre det enklare for folk å prøve seg på bygdelivet, seier ho.

Det er mange ting som skal klaffe samtidig om ein skal flytte til ein ny plass. Ein må finne seg nye jobbar, ny bustad, kanskje selje bustad, barn skal ha barnehageplass og ein skal finne fritidsinteresser og eit sosialt miljø.

- Dette prosjektet er for å gjøre denne prosessen litt enklare, særlig for unge voksne.



Prøvebo bygda mi-prosjektet har inngått ei avtale med Norske Mikrohus, og vart ut husmodellen 'Heim' til prosjektet. Foto: Pressebilde Norske Mikrohus

Det heile går ut på at ein kan leige eit mikrohus for ei periode, der ein kanskje leitar etter anna husvære og blir introdusert for bygda.

- Planen er å få sett i gang eit pilotprosjekt på denne sida av nyttår, og vi ønskjer ein kommune som kan vere verstsakspolitisk, fortel Bye Wilhelmsen.

Prosjektet har fått midlar frå Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal og Sparebank 1 Lom og Skjåk, og det er Fjellflyt, BETA og Norske Mikrohus som står bak.

Les mer om: [Nyheter](#) [Vågå](#) [Næringsliv](#)

Gå til forsiden

Flere saker



Fikk være med og gi navn til tvillinger i fjøset



ANNONSE

Sammen gjør vi båtlivet tryggere!  
Med Kystradio er du med å skape trygghet på sjøen.



Torill og familien fann draumestaden på andre sida av fjellet - Det starta med at vi kjente oss klare for eit lite miljøskifte



Statsforvalteren møtte flyktningkoordinatorer i Nord-Gudbrandsdalen



Arrangerte Den store energidagen for forskolebarnai kommunen: - God øving til lærertida



Meiner ein besøksstrategi må innehalde eit makkstal på besøkande

Til toppen